

# Den kulturelle skulesekken

## Lokal plan 2016-2019

---





## Innhold

1. Innleiing .....	2
2. Rammer og målsetjingar .....	2
2.1 Statlege føringar .....	2
2.2 Regionale føringar .....	3
2.3. Lokale føringar .....	3
2.3 Målsetjingar for den kulturelle skulesekken i Radøy kommune .....	4
3. Organisering .....	4
3.1 Tre forvaltningsnivå .....	4
3.2 Organisering av den kulturelle skulesekken i Radøy kommune .....	5
3.3 Nordhordland kursregion .....	5
4. Økonomi .....	6
4.1 Spelemidlar til den kulturelle skulesekken .....	6
4.2 Lokale midlar .....	6
4.3 Budsjett .....	6
5. Den lokale skulesekken - handlingsdel .....	7
5.1 Litteraturformidling .....	7
Forfattarbesøk/litteraturoppleving .....	7
Skrivekurs .....	7
5.2 Kulturarv .....	8
Steinalderdag på Straume .....	8
Skuleklasse på Bogatunet .....	8
Lokale handverkstradisjonar og –mat .....	9
Tur og kultur .....	9
5.3 Kunst .....	10
5.4 Teaterforestilling på Den Nationale Scene .....	10
5.5 Gjennomføring .....	10
5.6 Oversikt over tilbod .....	11

## 1. Innleiing

Den kulturelle skulesekken (DKS) er ei nasjonal satsing som skal bidra til at alle skuleelevar i Noreg får møta profesjonell kunst og kultur av alle slag i skuletida. Skulesekken har vore ein del av regjeringa si kulturpolitiske satsing sidan 2001, og har etter kvart også vorte utvida til å omfatta vidaregåande skule. Dette betyr at alle elevar frå 6 til 19 år vert omfatta av ordninga.

Omgrepet Den kulturelle skulesekken omfattar både dei tilboda skulane får tilbod om via Rikskonsertane, skulekonsertane og lokale prosjekt som vert dekkja av midlar som kommunen kvart år får tildelt til formålet.

Denne planen omhandlar bakgrunn og rammer som ligg til grunn for planen og arbeidet med den kulturelle skulesekken i kommunen, målsetjingar, organisering, økonomi og handlingsprogrammet for den lokale delen av den kulturelle skulesekken. Handlingsprogrammet kan rullerast ved behov og større endringar.

## 2. Rammer og målsetjingar

### 2.1 Statlege føringar

Styringsdokumenta for Den kulturelle skulesekken er St.meld. nr. 38 (2002-2003) «Den kulturelle skulesekken» med den tilhøyrande Innst. S. nr. 50 (2003-2004), og St.meld. nr. 8 (2007-2008) «Kulturell skulesekk for framtida» med tilhøyrande Innst. S. nr. 200 (2007-2008).

**Stortingsmelding nr. 8 (2007-2008) «Kulturell skulesekk for framtida» har følgjande mål for Den kulturelle skulesekken:**

- å medverka til at elevar i skulen får eit profesjonelt kunst- og kulturtilbod
- å leggja til rette for at elevar i skulen lettare skal få tilgang til, gjera seg kjende med og utvikla forståing for kunst- og kulturuttrykk av alle slag
- å medverka til å utvikla ei heilskapleg innlemming av kunstnarlege og kulturelle uttrykk i realiseringa av skulen sine læringsmål.

Følgjande prinsipp skal også leggjast til grunn for ordninga:

- Varig ordning: Den kulturelle skulesekken skal vera ei varig ordning for elevar i skulen.
- For alle elevar: Den kulturelle skulesekken skal femna om alle elevar i grunnskulen og den vidaregåande opplæringa, uavhengig av kva skule dei går på og kva økonomisk, sosial, etnisk og religiøs bakgrunn dei har.
- Realisera mål i læreplanverket: Innhaldet i kunst- og kulturtilboda i Den kulturelle skulesekken skal medverka til å realisera skulen sine mål slik dei kjem til uttrykk i den generelle delen i læreplanverket og i dei ulike læreplanane.
- Høg kvalitet: Elevane skal møta profesjonelle kunst- og kulturtilbod med høg kunstnarleg kvalitet.
- Kulturelt mangfald: Den kulturelle skulesekken skal omfatta ulike kunst- og kulturuttrykk med røter i eit mangfald av kulturar og frå ulike tidsperiodar.
- Breidde: Både musikk, scenekunst, visuell kunst, film, litteratur og kulturarv skal vera representerte i Den kulturelle skulesekken. Det skal vera variasjon i formidlingsmåtane.
- Regularitet: Elevane skal sikrast eit regelmessig tilbod på alle klassetrinn.

- Samarbeid kultur-skule: Arbeidet med Den kulturelle skulesekken skal skje i eit godt samarbeid mellom kultur- og opplæringssektoren på alle nivå. Det skal sikrast god forankring og tid til planlegging i skulen.
- Rollefordeling kultur-skule: Opplæringssektoren har ansvaret for å leggja føre- og etterarbeid pedagogisk til rette for elevane, medan kultursektoren har ansvaret for kulturinnhaldet i Den kulturelle skulesekken og for å informera om innhaldet i god tid.
- Lokal forankring og eigarskap: Den kulturelle skulesekken må forankrast lokalt, i den enkelte skulen, kommunen og fylket. Dette sikrar lokal entusiasme og gjev rom for mange lokale variantar, slik at alle skal kunna kjenna eigarskap til Den kulturelle skulesekken.

#### **Tildelingsbrevet frå Kulturdepartementet skisserer følgjande tillegsmål:**

- Det er eit overordna mål å sikra at personar med nedsett funksjonsevne skal ha lik tilgang og høve til å delta i kulturlivet som andre, både som publikum og som aktive deltakarar. For å nå denne målsettinga bør omsynet til elevane sine ulike føresetnader og behov bli tatt med i planlegging, utforming og gjennomføring av DKS.
- Samiske kunst- og kulturuttrykk og samisk kulturarv skal vera ein integrert del av DKS. I tiltak som inneber formidling av samisk kultur, bør kommunen ha kontakt med opplæringsavdelinga i Sametinget.
- Det er eit mål å styrkja både norsk språk generelt, nynorsk spesielt og eleven si forståing av nordiske nabospråk. Dette bør verta spegla i tilboda elevane får i DKS.

## **2.2 Regionale føringar**

**Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025** er Hordaland fylkeskommune sitt styringsdokument for heile kultursektoren. Regional kulturplan inneheld visjon, mål og prioriteringar med innsatsområde, og har ein eigen handlingsplan som skal rullerast årleg. Planen legg fleire føringar for arbeidet med den kulturelle skulesekken, mellom anna at ein bør trekkja tilboda til skulesekken inn i biblioteka og at ein skal etablera samarbeidsordningar mellom musea og skulane.

Med utgangspunkt i departementale føringsdokument er det vedtatt følgjande hovudmål for den kulturelle skulesekken i Hordaland:

- å medverka til at elevar i skulen får eit profesjonelt kunst- og kulturtilbod;
- å leggja til rette for at elevar i skulen lettare skal få tilgang til, gjera seg kjende med og få eit positivt forhold til kunst- og kulturuttrykk av alle slag;
- å medverka til å utvikla ei heilskapleg innlemming av kunstnarlege og kulturelle uttrykk i realiseringa av skulen sine læringsmål;
- å gje born oppleving av kunst og styrkja deira eiga skaparevne;
- å styrkja born si evne til å stilla spørsmål, og stimulera til undring og kritisk vurdering.

## **2.3. Lokale føringar**

**Kulturplan for Radøy kommune 2011-2020** er det viktigaste styringsdokumentet for kulturarbeidet i kommunen. Planen legg fleire føringar for arbeidet med den kulturelle skulesekken, mellom anna at elevane skal få eit profesjonelt kulturtilbod minst to gonger i året, at skuleborn skal få eit tilbod også innan kulturvern og at ein skal bruka skulesekken til å styrka samarbeidet mellom kultursektoren og skulesektoren i kommunen.

Fleire av dei overordna målsetjingane i planen er relevante for den kulturelle skulesekken. Mellom anna er det ei målsetjing at det profesjonelle kulturlivet i kommunen skal styrkast. Me kan følgja opp dette ved å nytta lokale ressursar i den lokale delen av den kulturelle skulesekken, så langt det er føremålstenleg.

**Målbruksplan** for Radøy kommune vart vedtatt i 2012. Målbruksplanen set opp ulike tiltak som skal styrka nynorsk språk i kommunen. Mellom anna seier planen at elevar på ungdomsskulen skal årleg oppleve besøk av nynorskforfattarar eller få tilbod om å delta i eit nynorsk litteraturprosjekt.

### 2.3 Målsetjingar for den kulturelle skulesekken i Radøy kommune

Radøy kommune legg til grunn Hordaland fylkeskommune sine målsetjingar for arbeidet med den kulturelle skulesekken i kommunen. Kommunen har i tillegg nokre styrande prinsipp for arbeidet med skulesekken lokalt:

- Lokal forankring er viktig. Elevane får ei god ballast ved å kjenna eiga historie og eige nærmiljø.
- Kommunen skal så framti det er føremålstenleg nytta lokale ressursar for å gje elevane gode tilbod.
- Det skal satsast på dei kunst- og kulturtilboda ein får færrest tilbod om via Hordaland fylkeskommune. Det vil i praksis seia tilbod innan kulturvern, kunst og litteratur.
- Tilbod på nynorsk skal prioriterast, i tråd med målbruksplanen.

## 3. Organisering

### 3.1 Tre forvaltningsnivå

Den kulturelle skulesekken er organisert som eit samarbeid mellom kultur- og skulesektorane på tre forvaltningsnivå:

Kultur- og kyrkjedepartementet har ansvaret for Den kulturelle skulesekken på nasjonalt nivå. Det daglege ansvaret for å følgja arbeidet med Den kulturelle skulesekken er frå 1. januar 2016 lagt til Rikskonsertane.

Fylkeskommunane har fått eit særleg ansvar i utviklinga av Den kulturelle skulesekken. Dei forvaltar den største delen av spelemidlane, og dei har ansvar for å tilby kunst- og kulturproduksjonar av høg kvalitet til skulane i fylket. Fylkeskommunane skal også medverka til å utvikla ordninga i kommunane, og dei har gjennom ordninga teke på seg eit ansvar for å samordna tilbodet regionalt.

Kommunane skal i samarbeid med fylkeskommunane medverka til å utvikla eit heilskapleg tilbod i Den kulturelle skulesekken for alle skulane. Som skuleeigar er kommunane ansvarlege for å tryggja at arbeidet med Den kulturelle skulesekken vert integrert i skulen si verksemd. Kommunen som skuleeigar bør sjå arbeidet med Den kulturelle skulesekken i samanheng med måla i strategiplanen for kunst og kultur i opplæringa.

Dersom ein eller fleire kommunar i eit interkommunalt samarbeid ønskjer å få direkte tildeling av spelemidlar, er det høve til det. Kommunar som vel direkte tildeling forpliktar seg til å sikra at prinsippa for ordninga vert ivaretatt. Kommunen og fylkeskommunen inngår då ein avtale om korleis ordninga skal gjennomførast. Radøy kommune har førebels vald å få tilbod via Hordaland

fylkeskommune som tidlegare, då ei direkte tildeling av midlar vil medføra for mykje arbeid for kommunen og skulane er nøgde med dei tilboda som kjem via fylkeskommunen.

## 3.2 Organisering av den kulturelle skulesekken i Radøy kommune

### Skulane

Radøy kommune har fire barneskular og éin ungdomsskule. Kvar skule skal ha ein (evt to) DKS-kontakt som er kontaktperson for skulebesøka og DKS-koordinator. Rektor på skulen er ansvarleg for at det vert oppnemnd ein DKS-kontakt ved kvar skule. DKS-kontakten eller rektor er medlem i DKS-gruppa.

### DKS-gruppa

DKS-gruppa består av ein DKS-kontakt frå kvar av skulane, kulturskulerektor, biblioteksjef og rådgjevar for kultur, som er DKS-koordinator i kommunen. Gruppa skal ha to møte i året; eitt i slutten av skuleåret og eitt før jul.

### DKS-koordinator

DKS-koordinator har ansvar for å kalla inn til møte i DKS-gruppa, skriva referat, koordinera arbeidet i gruppa og rapportera til fylkeskommunen. DKS-koordinator er også kontaktperson i kommunen for førespurnader som gjeld den kulturelle skulesekken.

Per i dag er det rådgjevar for kultur som har denne rolla.

### Elevane

Elevane bør involverast i kulturarbeidet – det veks dei på! Lær opp elevane til å bli gode kulturvertar når dei får besøk på skulane. Å ta imot kunstnarar på ein positiv måte, driva PR på eigen skule, hjelpa med rigging, laga og servera kaffi og introdusera utøvarane på scena er viktige oppgåver og gir elevane arrangørkompetanse.

Elevane bør også verta høyrde når ein skal velja framsyningar, kunstnarar og forfattarar og slik vera med å påverka tilbodet dei får gjennom den kulturelle skulesekken.

## 3.3 Nordhordland kursregion

Nordhordland kursregion får kvart år tildelt kr 50 000 frå DKS Hordaland. Desse midlane vert fordelte etter søknad til utvikling av prosjekt som kan brukast innanfor Den kulturelle skulesekken i nordhordlandskommunane. Det er eit krav at prosjekta som får midlar skal kunna brukast i alle kommunane i regionen.

### Kontaktperson i Radøy kommune:

Kommunalsjef Jo Tømmerbakke

Tlf. 56 34 90 18

E-post: [jo.tommerbakke@radoy.kommune.no](mailto:jo.tommerbakke@radoy.kommune.no)

## 4. Økonomi

### 4.1 Spelemidler til den kulturelle skulesekken

Den kulturelle skulesekken vert finansiert i all hovudsak av spelemidler. For skuleåret 2015/2016 var det totalt 210 millionar kroner, der 16 447 690 gjekk til Hordaland fylke. Desse midlane vart fordelte slik: 8 473 002 kroner til Hordaland fylkeskommune si kunst- og kulturformidling i grunn- og vidaregåande skule, 4 656 559 kroner til Bergen kommune, 50 000 kroner til kvar av dei fem kursregionane og 3 068 130 kroner til fordeling mellom kommunane i fylket, med unntak av Bergen. Fordelinga mellom kommunane vert gjort etter tal på skular og elevtal etter politisk vedtak i kultur- og ressursutvalet. Radøy sin del vart 70 828 kroner. Det kom seinare ei tilleggsføring etter Kongeleg resolusjon på 12 230 000 kroner, der Radøy kommune fekk 3 177 kroner. Totalt fekk Radøy kommune 74 005 kroner dette året.

Tildelinga av midlar frå den kulturelle skulesekken plar ligga på omtrent same nivå.

Midlar som ikkje vert brukt opp vert sett på renteberande konto. 1. januar 2014 stod det kr 194 669 på konto. Dette er midlar som skal brukast til tilbod innanfor den kulturelle skulesekken.

### 4.2 Lokale midlar

Radøy kommune har ikkje løyvd øyremerkte midlar til den kulturelle skulesekken lokalt. Kommunen ved skulane er likevel med og finansierer fleire av tiltaka heilt eller delvis gjennom sitt driftsbudsjett. Skulane dekkjer også eigendel til Rikskonsertane.

Kostnader til administrasjon og møteverksemd vert dekkja av kommunen.

### 4.3 Budsjett

#### Utgifter

Aktiviteter og transport	108 500
Eigendel skulekonsertane og rikskonsertane	22 000
Administrasjon og møteverksemd	20 000
Totalt	150 500

#### Inntekter

Tilskot DKS	74 000
Eigeninnsats (administrasjon)	20 000
Bruk av DKS-midler frå tidlegare år	30 500
Eigne midlar <sup>1</sup>	26 000
Totalt	150 500

### 4.4 Honorar

Rammeavtale for oppdrag for Den kulturelle skulesekken ligg til grunn for Hordaland fylkeskommune sitt arbeid med kunst- og kulturformidling i skulen. Rammeavtalen ligg også til grunn for Radøy kommune sitt arbeid med den kulturelle skulesekken.

---

<sup>1</sup> Transport til Den nationale Scene for 10. trinn og eigendel for Rikskonsertane.



Den til ei kvar tid gjeldande rammeavtale er tilgjengeleg på Hordaland fylkeskommune sine nettsider for den kulturelle skulesekken:

<http://hordaland.ksys.no/pub/hordaland/main/?aid=12659&cid=12660&lang=NN>

## 5. Den lokale skulesekken - handlingsdel

Tilbodet i den kulturelle skulesekken skal vera eit supplement til andre aktivitetar og tiltak i skulen, ikkje erstatta dei. I arbeidet med DKS i Radøy kommune skal tiltak og aktivitetar knytast nær opp til skulen sitt arbeid med ulike fagområde. På denne måten vil elevane ha kunnskapar om temaet, opplevinga vert relevant og elevane får større utbyte.

Hordaland fylkeskommune sine DKS-tilbod til kommunane er i stor grad konsertar og noko teater. Med bakgrunn i dette vert det fokusert lite på tilsvarende opplegg lokalt i Radøy kommune. DKS i Radøy kommune har tre satsingsområde: litteraturformidling, kulturarv og kunst. I tillegg får 10. klasse ein tur til Bergen for å gå på teater på Den Nationale Scene.

### 5.1 Litteraturformidling

#### Forfatterbesøk/litteraturoppleving

Språket er ein del av identiteten vår som menneske. Gjennom media, i marknadsføring, i skulen og i fritida møter barn og unge språk og dialektar. I samarbeid mellom skulane i Radøy og Radøy bibliotek skal DKS-gruppa leggja til rette for eit forfatterbesøk eller ei litteraturoppleving kvart år for elevar i småskulen.

Forfatarane skal skriva på nynorsk. Ulike sjangrar skal vera representerte - for oppdaging og oppleving.

#### Mål:

- styrka barn og unge si leseglede
- gjera elevane kjende med offentlege bibliotek
- bidra til å halda nynorsk målform i hevd

**Trinn:** 1.-3. trinn.

**Kostnad:** 15 000 kroner.

#### Skrivekurs

Elevane får tilbod om eit todagars skrivekurs med ein nynorskforfattar. Forfatarane som vert henta inn skal representera ulike sjangrar.

#### Mål:

- at elevane skal verta flinkare til å formulera seg skriftleg
- styrka elevane si leseglede
- bidra til å halda nynorsk målform i hevd

**Trinn:** 9. trinn

**Kostnad:** 20 000 kroner.

## 5.2 Kulturarv

Gjennom åra i grunnskulen skal elevane i Radøy verta kjende med eige nærmiljø og kulturhistorie: kulturminne, daglegliv i gamle dagar (hus, kosthald/helse, klede, byggeskikk, kommunikasjon, skule osv.), kunst- og handverkstradisjonar, folkemusikk og -dans. Turar i nærmiljøet knytt til ulike tema i undervisninga er særleg aktuelt og enkelt å få til.

### Steinalderdag på Straume



I Fosnstraumen finn ein eit uvanleg rikt plante- og dyreliv, med spesielt mykje fisk av forskjellige artar. Det var fiskeressursane som gjorde at steinalderfolk slo seg ned her for om lag 10.000 år sidan, og fortsette å bu her gjennom steinalderen og over i bronsealderen med tidlege spor av jordbruk. Den høge konsentrasjonen av steinalderfunn i området gjer at staden har vorte kalla «Steinalderlandsbyen ved Fosnstraumen».

På steinalderdagen får elevane læra om korleis steinalderfolk levde, kva for reiskapar dei nytta, og korleis dei nytta ressursane rundt seg. Opplegget er leia av arkelog og flintsmed Morten Kutchera.

Det er sett opp ein «steinalderlavvo» på Ramsvikneset som vert nytta i undervisninga og som gjev ly i fall dårleg ver.

#### Mål:

- borna skal læra om korleis steinalderfolk budde og livnærte seg
- borna skal læra om korleis ein kan nytta ressursane rundt seg

**Trinn:** 4. trinn. Austebygd skule har opplegget annankvart år (partalsår) og tilbodet går då til både 3. og 4. trinn.

**Kostnad:** 20 000

### Skuleklasse på Bogatunet



Ein skuleklasse held til på Bogatunet i tre dagar og levandegjer korleis folk budde og levde kring 1850. Elevane kler seg i gamle klede, lagar tradisjonsmat, prøver gamle handverkstradisjonar og leikar slik born gjorde på 1800-talet. Eldre og tradisjonsberarar frå Radøy sogelag er med og har ansvaret for opplegget saman med lærarane.

Det er ope for skular, barnehagar og alle andre å koma på besøk.

#### Mål:

- borna skal læra om korleis folk budde og livnærte seg på 1800-talet
- borna skal læra å ta i mot besøkjande og formidla kunnskap om det dei har lært
- borna skal læra om kulturminne i heimkommunen

**Trinn:** 7. trinn. På Austebygd skule får elevar både i 6. og 7. trinn tilbodet. Kva klasse som er på Bogatunet går på omgang mellom barneskulane, slik at kvar skule har ansvar for opplegget kvar fjerde år.

2016: Austebygd skule  
 2017: Hordabø skule  
 2018: Sæbø skule  
 2019: Manger skule

**Kostnad:** 10 000 kroner.

### Lokale handverkstradisjonar og –mat

Handboren kunnskap kan berre overleva gjennom aktiv formidling. Gjennom dette prosjektet vil personar som har kunnskap om eldre handverkstradisjonar, matkultur og tradisjonskunst læra frå seg dette til elevane. Lærarane saman med ressurspersonar frå husflidslag, sogelag eller liknande har ansvar for det faglege innhaldet.

#### Mål:

- borna skal læra gamle handverks- og mattradisjonar
- borna skal læra om korleis folk utnytta det ein hadde av ressursar
- borna skal læra å formidla kunnskap om handverks- og mattradisjonar til andre

**Trinn:** 7. trinn. Kva klasse som har opplegget går på omgang mellom barneskulane, slik at kvar skule har ansvar for opplegget kvar fjerde år.

2016: Sæbø skule  
 2017: Manger skule  
 2018: Austbyggd skule  
 2019: Hordabø skule

**Kostnad:** 5 000 kroner.

### Tur og kultur

Gjennom å bruka nærmiljøet aktivt, vil elevane verta kjende med lokalmiljøet. Lokalkjende personar kan formidla historiar frå tidlegare tider og slik overlevera kunnskap til nye generasjonar.

#### Mål:

- elevane skal bli kjende med lokal kulturhistorie og lokale kulturminne
- elevane sin lokalidentitet skal styrkast

**Trinn:** 8. trinn

**Kostnad:** 1 500 kr

### 5.3 Kunst

Radøy kommune ynskjer at elevane skal få oppleve nye kunstuttrykk, både som publikum og utøvarar. Møtet med uttrykk som ikkje alltid er lett å skjønna, vil kunns vekkja nysgjerrigheit og provosera fram ei evne til å tenkja nytt og annleis. Møte med ulike kunstnarar og ulike sjangrar skal arbeidast vidare med gjennom eige kunstnariske arbeid, gjerne ilag med ein kunstnar.

Mål:

- elevane skal sjå og verta kjend med lokale, nasjonale og internasjonale kunstnarar
- elevane skal læra og sjå, oppdaga endringar, verta kjende med, vera kritiske til, og få lyst til å delta i utforminga av sitt eige nærmiljø
- å utvikla kunnskap, kreativitet og dugleik hjå elevane i eit utval av sjangrar av kunst og handverk gjennom møte med ulike formskaparar og andre kunstnarar

**Trinn:** 5. og 6. trinn.

**Kostnad:** 20 000

### 5.4 Teaterforestilling på Den Nationale Scene

Den Nationale Scene i Bergen er ei av dei leiande teaterscenene i landet. Skulen veljer sjølv ut eit stykke som passar for elevane, gjerne eit stykke basert på norsk, klassisk litteratur.

Mål:

- Oppleva teateret som formidlingsarena.
- Verta betre kjend med institusjonen Den Nationale Scene

**Trinn:** 10. klasse

Kostnad: 12 000 kroner (+ kring 10 000 kroner i transport som ungdomsskulen dekkjer av egne midlar).

### 5.5 Gjennomføring

Dei ulike tiltaka i planen, utanom teaterbesøket, er sett opp under eitt til to av dei tre ansvarsområda litteraturformidling, kulturarv og kunst. Dette kan endra seg når opplegget vert utforma, til dømes kan «besøk av kunstnar» både vera kulturarv og litteraturformidling i tillegg til, eller i staden for, kunst.

Skulane rår over den pedagogiske kompetansen og har ansvar for føre- og etterarbeid. Som ein del av dette vurderer dei årleg kva opplegg som høver best til læringsmåla dei arbeider mot. Skulane kan tilpassa planen etter avtale med DKS-koordinator, evt involvera fleire trinn på eit tilbod om det passar slik.

Tilbod som kjem til skulane kan nyttast i tillegg til planen om det er økonomi til det, eller erstatta eit av tilboda. Dette skal avtalast med DKS-koordinator og med DKS-gruppa om det fører til auke i kostnad.

Etter gjennomføring skal opplegget evaluerast i personalet og i DKS-gruppe møta som finn stad kvart halvår.

## 5.6 Oversikt over tilbud

Klassestrinn	Tilbud	Tidspunkt	Ansvar	Kontaktperson
1. klasse	Litteratur:	Våren	Biblioteksjef, Skulane	Biblioteksjef Anne Elisabeth Waage Telefon: 56 34 91 13 E-post: <a href="mailto:biblioteksjef@radoy.kommune.no">biblioteksjef@radoy.kommune.no</a>
2. klasse	Forfatterarbeid eller litteratur frå scena			
3. klasse				
4. klasse	Kulturarv: Steinalderdag på Straume	Våren. Austebygd skule har opplegget annankvart år og tilbudet går til 3. og 4. trinn.	DKS-koordinator, Skulane	Rådgjevar kultur Bente K. Hervik Telefon: 56 34 90 12 E-post: <a href="mailto:bente.hervik@radoy.kommune.no">bente.hervik@radoy.kommune.no</a>
5. klasse	Kunst:	Våren	DKS-koordinator, Skulane	Rådgjevar kultur Bente K. Hervik Telefon: 56 34 90 12 E-post: <a href="mailto:bente.hervik@radoy.kommune.no">bente.hervik@radoy.kommune.no</a>
6. klasse	Kunstprosjekt (varierende)			
7. klasse	Kulturarv: «Skuleklasse på Bogatunet» (Éin skule per år. Sjå oversikt s. 9 )	August	DKS-koordinator, Skulane	Rådgjevar kultur Bente K. Hervik Telefon: 56 34 90 12 E-post: <a href="mailto:bente.hervik@radoy.kommune.no">bente.hervik@radoy.kommune.no</a>
	Kulturarv: Tradisjonshandverk og –mat (Éin skule per år)	Hausten	DKS-koordinator, Skulane	Det er ulike kontaktpersonar frå skulane kvart år. Sjå oversikt over kva skular som skal ha tilbudet i kap 5.2.
8. klasse	Kulturarv: Kulturminne i nærmiljøet	Våren	DKS-koordinator, ungdomsskulen	Inspektør Radøy ungdomsskule Marianne Herø Telefon: 56 34 91 02 E-post: <a href="mailto:marianne.hero@radoy.kommune.no">marianne.hero@radoy.kommune.no</a>
9. klasse	Litteratur: Skrivekurs med nynorskforfattar	Våren	Ungdomsskulen, Biblioteksjef	Inspektør Radøy ungdomsskule Marianne Herø Telefon: 56 34 91 02 E-post: <a href="mailto:marianne.hero@radoy.kommune.no">marianne.hero@radoy.kommune.no</a>
10. klasse	Scenekunst: Teatertur til Bergen	Tilpassast programmet på teateret	Ungdomsskulen	Inspektør Radøy ungdomsskule Marianne Herø Telefon: 56 34 91 02 E-post: <a href="mailto:marianne.hero@radoy.kommune.no">marianne.hero@radoy.kommune.no</a>

